



## Barnevernsamarbeidet i Vest-Telemark

Postboks 34, 3836 Kviteseid – Tlf. 35 05 54 00

e-post: [post.barnevern@vest-telemark.no](mailto:post.barnevern@vest-telemark.no)

## Høyring- forslag om å utvide adgangen til å pålegge hjelpetiltak med heimel i lov om barneverntjenester.

Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark er eit interkommunalt samarbeid med ansvar for den kommunale barneverntenesta for kommunane Vinje, Tokke, Fyresdal, Nissedal, Kviteseid og Seljord med Kviteseid kommune som vertskommune. Svaret blir gjeve på vegne av samarbeidskommunane og vertskommunen.

Viser til høyringsbrev frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet av 20.10.2014  
Og høyringsnotat frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet av 20.10.2014.

Etter Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark si vurdering er endringane om å utvide høve til å pålegge kompenserande og omsorgsendrande hjelpetiltak og å senke terskelen for å pålegge kontrolltiltak rette for å kunne hjelpe utsette barn og unge der foreldra ikkje ynskjer å ta imot tiltak som barneverntenesta vurderer kan bidra til å betre barn og unge si omsorg.

Departementet ber om høyringsinstansanes syn på kven som skal kunne pålegge hjelpetiltak. Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark meiner saker om pålegg om hjelpetiltak må behandlast innanfor kort tid. Vi meiner barnevernleiar bør kunne pålegge hjelpetiltak, men at Fylkesnemnda godkjenner dei innan ein viss frist. Vi foreslår at saksgang og klageadgang som ved akuttvedtak kan fylgjast. Det er viktig at behandling av desse sakene ikkje går ut over andre saker jfr §§ 4-12 og 4-24 som fylkesnemnda handsamar.

Det vil vera ei utfordring at barneverntenesta ikkje har sanksjonar ved brot på pålegg om hjelpetiltak, men vi har ikkje forslag til alternativ. Det kan såleis vera at ein ny praksis med å kunne pålegge hjelpetiltak ikkje vil føre til at ein betrar situasjonen for barna.

Helsing

Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark

Synnøve Bratland (s)  
Barnevernleiar

Øystein Tveit (s)  
Rådmann Kviteseid kommune

Barnevernsamarbeidet i Vest Telemark Distriftsnavn2	Postadresse: Postboks 34 3836 Kviteseid	Telefon: 35055400	Kontonr.:	2801 05 18093
		Telefaks: 35055401	Org.nr.:	987 296 518